

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING

GRUNNLAG FOR PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL FOR 2020-2023

FJORD KOMMUNE

MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeføretak eigd av Aukra kommune, Aure kommune, Averøy kommune, Fjord kommune, Giske kommune, Gjemnes kommune, Hustadvika kommune, Kristiansund kommune, Molde kommune, Rauma kommune, Rindal kommune, Smøla kommune, Stranda kommune, Sula kommune, Sunndal kommune, Surnadal kommune, Sykkylven kommune, Tingvoll kommune, Vestnes kommune, Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre revisjonstenester for eigarkommunane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund med avdelingskontor i Molde og Ålesund.

FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har etter avtale med Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS gjennomført risiko- og vesentlegvurdering av eigarskapen i kommunen. Dette er meint som grunnlag for utarbeiding av plan for eigarskapskontroll.

Sidan Fjord kommune ikkje har vedteke eigarskapsmelding, er det vår vurdering at dette bør prioriterast. Vidare bør kontrollutvalet vurdere å prioritere å vere på med eventuelle eigarskapskontrollar som blir initiert av andre kontrollutval i selskap som ein eig saman.

Ålesund, 16.11.2020

INNHALD

1 Innleiing	5
1.1 Eigarskapskontroll	5
1.2 Metode og gjennomføring	5
2 Eigarskapsmelding og oversyn over selskap som kommunen eig	5
2.1 Eigarskapsmelding.....	5
2.2 Oversyn over selskap Fjord kommune eig eller har eigarinteresse i	6
2.3 Politiske saker og tidlegare eigarskapskontrollar	8
3 Vurdering	10

1 INNLEIING

1.1 EIGARSKAPSKONTROLL

Jf. Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018 § 23-2 skal kontrollutvalet som sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av eigarinteressene kommunen har i selskap mv. som kommunen har eigarinteresser i. Dette blir omtala som eigarskapskontroll. I § 23-4 går det fram reglar om utarbeiding av risiko og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for eigarskapskontroll.

Eigarskapskontroll blir definert slik i §23-4:

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunes eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Eigarskapsmelding vil vere eit viktig dokument ved utarbeiding av risiko og vesentlegsvurderingar og plan for eigarskapskontroll. Ny kommunelov styrker kommunane si eigarstyring i høve kommunalt eigde selskap mv. Eit viktig grep er at det nå gjeld eit lovfesta krav om eigarskapsmelding jf. § 26-1. Her går det fram minimumskrav til innhald i meldinga, og at meldinga skal utarbeidast minst ein gong i valperioden og bli vedtatt av kommunestyret.

Eigarskapskontrollen skal vere med å sikre at kommunen utøver sitt eigarskap på ein profesjonell måte. Dette vil kunne gjere at kommunen kan påverke selskapet i ønska saker, at eventuelle medeigarar blir likebehandla og at selskapet sin uavhengighet blir oppretthalden.

1.2 METODE OG GJENNOMFØRING

Risiko- og vesentlegvurderinga er bygd på informasjon om Fjord kommune. Det er sett på politiske vedtak, rekneskap og tidlegare eigarskapskontrollar.

2 EIGARSKAPSMELDING OG OVERSYN OVER SELSKAP SOM KOMMUNEN EIG

2.1 EIGARSKAPSMELDING

KS rår til at eigarskapsmeldinga minimum bør ha desse hovudpunkta¹:

1. *Oversikt over kommunens virksomhet som er lagt i selskaper og samarbeid.*
2. *Politisk styringsgrunnlag gjennom kommunens prinsipper for eierstyring*
3. *Juridisk styringsgrunnlag knyttet til de ulike selskaps- og samarbeidsformene.*

¹ https://www.ks.no/contentassets/fb95418a8bab40d69235844e212abb6f/ks-anbefalinger-eierstyring_digital.pdf

4. Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knyttet til de ulike selskapene, herunder styringsdokumentene.
5. Selskapenes samfunnsansvar knyttet til miljø, likestilling, åpenhet, etikk osv

Fjord kommune har pr. 10.11.2020 ikkje vedteke eigarskapsmelding.

2.2 OVERSYN OVER SELSKAP FJORD KOMMUNE EIG ELLER HAR EIGARINTERESSE I

Årsrekneskapane 2019 for kommunane har i note oversyn over aksjar og andelar i varig eige.

Stordal:

Note 5 Aksjar og andelar (finansielle anleggsmidler)

Selskapet sitt namn	Balanseført verdi 31.12.2018	Balanseført verdi 31.12.2019
Biblioteksentralen AL	300	300
Stordal Alpinsenter AS	26 000	26 000
Årim IKS (andel 1,1%)	5 500	5 500
Sunnmørshallen AL	10 500	10 500
Storfjordsambandet AS	5 000	5 000
Muritunet AS	75 000	75 000
KLP egenkapital	3 271 234	3 622 027
Ørskog Energi AS	9 379 000	9 379 000
Stordal Næringsbygg AS	1 239 000	1 239 000
Åknes/Tafjord Beredskap IKS	192 500	192 500
Sykkylven Næringsutvikling AS	150 000	150 000
Stordal Aquaproduksjon AS	100 000	100 000
Utviklingsforum for Ålesund Lufthavn	25 000	25 000
Møre og Romsdal Revisjon SA	0	63 000
Sum	14 479 034	14 892 827

Norddal:

Note 5 Aksjar og andelar (finansielle anleggsmidler)

Selskapet sitt namn	Eigardel selskapet	Eventuell marknads-verdi	Balanseført verdi 31.12.2019	Balanseført verdi 31.12.2018
Det Norske Teater AS	1 aksje		400	400
Fjordhagen AS	250 aksjar		25 000	25 000
Fjørå Vassverk LL	3 andelar		19 000	19 000
Hareid Fastlandsamband AS	5 aksjar		5 000	5 000
Kommunekraft AS	1 aksje		1 000	1 000
Vitafjord AS	150 aksjar		0	0
Muritunet AS	2620 aksjar		2 620 000	2 620 000
Møretre AS	1 aksje		0	500
Norrdal Vassverk LL			15 000	15 000
Nordøyvegen AS	1 aksje		1 000	1 000
Norsk Fjordsenter AS	1250 aksjar		250 000	250 000
Norsk Skogindustri AS	110 aksjar		11 725	11 725
Storfjord Helsesenter AS	49 %		6 872 858	6 872 858
Storfjord Kulturhus AL	5 andelar		5 000	5 000
Storfjordsambandet AS	1 aksje		0	1 000
Sunnmørshallen AL	10 aksjar		0	0
Tafjord Kraft AS	4,275 %		17 100 000	17 100 000
Tafjord Vasslag LL	3 partar		7 000	7 000
Tresfjordbrua AS	1 aksje		0	0
Valldal Fjernvarme AS	96 %		4 620 000	3 660 000
Valldal Kailag AS	11 aksjar		20 300	20 300
Valldal Småbåteigarlag AL	1 andel		0	0
Vestnorsk Reiselivsmuseum AS	1 aksje		0	0
Ytterdal Nye Vassverk LL	5 partar		34 500	34 500
Stiftinga Skredsenter Tafjord			50 000	50 000
Åknes - Tafjord IKS	1,9 %		297 500	297 500
ÅRIM IKS	9,5 %		9 500	9 500
Møre og Romsdal Revisjon SU	7,7 %		63 000	0
Sunnmøre Kontrollutvalsekr IKS	7,7 %		0	0
IKA Møre og Romsdal IKS	1,1183 %		0	0
Eigenkapitalinnskott KLP			7 320 866	6 705 343
Sum		0	39 348 649	37 711 626

Aksjane i Vitafjord AS er i 2018 solgt.

Ansvarleg lån til Tafjord Kraft AS utgjer kr. 14 250 000

Eit raskt søk på proff.no gir følgande oversyn over aksjeselskap for Norddal:

Valldal Fjernvarme AS, 4224 aksjar, andel 96%
Fjordhagen AS, 250 aksjar, andel 8,17%
Valldal Kailag AS, 12 aksjar, andel 6,316%
Tafjord Kraft AS (B-aksjar), 1140 aksjar, andel 2,85%
Tafjord Kraft AS (A-aksjar), 570 aksjar, andel 1,425%
Norsk Fjordsenter AS, 1250 aksjar, andel 2,441%
Utviklingsforum For Ålesund Lufthavn, Vigra AS, 1 aksje, andel 2,439%
Kommunekraft AS, 1 aksje, andel 0,313%
Hareid Fastlandssamband AS, 5 aksjar, 0,066%

Tilsvarande for Stordal:

Stordal Næringsbygg AS, 1200 aksjar, andel 100%
Stordal Aquaproduksjon AS, 100 aksjar, andel 33,333%
Ørskog Energi AS, 400 aksjar, andel 20%
Møbelkraft AS, 150 aksjar, andel 2,851%
Utviklingsforum For Ålesund Lufthavn, Vigra AS, 1 aksje, andel 2,439%
Storfjord Bladlag as, 20 aksjar, andel 2,041%
Hareid Fastlandssamband AS, 10 aksjar, 0,132%

I rekneskapen til ÅRIM IKS for 2019 gjekk det fram at Norddal kommune hadde 1,9% av innskoten eigenkapital i selskapet (kr 9.500), og Stordal kommune hadde 1,1% (kr 5.500).

På heimesida til Sunnmøre Regionråd IKS går det fram at alle deltakarane (14 kommunar) har lik eigardel i selskapet.

2.3 POLITISKE SAKER OG TIDLEGARE EIGARSKAPSKONTROLLAR

Kommunestyret handsamer med jamne mellom saker knytt til eigarskap i aksjeselskap (AS) og interkommunale selskap/samarbeid. Gjennomgang av saker i kommunestyret og fellesnemnda frå 01.01.2018 viser at det har vore oppe ei rekkje saker anten som referatsaker eller eigne saker:

Fjord:

- Stordal Alpinsenter – stadfesting frå Fjord kommune (Kommunestyret 01.10.2020, referatsak 032/20)
- Årsmelding 2019 – Sunnmøre Friluftsråd (Kommunestyret 01.10.2020, referatsak 035/20)
- Interkommunale avtale – vidare prosess (Kommunestyret 03.09.2020, sak 069/20)
- Godkjenning av ny selskapsavtale ÅRIM (Kommunestyret 03.09.2020, sak 075/20)
- Ny selskapsavtale for ÅRIM – endra høyringsuttale frå Fjord kommune (Kommunestyret 25.06.20, sak 064/20)
- Årsmelding 2019 – Sunnmøre Friluftsråd (Kommunestyret 07.05.2020, referatsak 014/20)
- Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS – godkjenning av selskapsavtale (Kommunestyret 07.05.2020, sak 037/20)

- Val av representantar til styret i Storfjord helsesenter AS (Kommunestyret 07.05.2020, sak 039/20)
- Informasjon om endringer i aksjeeierboken Tafjord Kraft AS (Kommunestyret 02.04.2020, referatsak 05/20)
- Val av medlemmer til styre og representantskap – Åknes/Tafjord Beredskap IKS (Kommunestyret 02.04.2020, sak 022/20)
- Val av representantar til generalforsamling i Tafjord Kraft AS for perioden 2019-2023 (Kommunestyret 02.04.2020, sak 023/20)
- Val av representantar til generalforsamling i Ørskog Energi AS for perioden 2019-2023 (Kommunestyret 02.04.2020, sak 024/20)
- Nye vedtekter og ny beredskapsplan – IUA Sunnmøre (Kommunestyret 05.02.2020, sak 005/20)
- Åknes/Tafjord – vidare organisering (Kommunestyret 19.12.2019, sak 044/19)
- Interkommunale samarbeidsavtalar med Nye Ålesund (Kommunestyret 19.12.2019, sak 045/19)
- Selskapsavtale - Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS, gjeldande frå 01.01.2020 (Kommunestyret 19.11.2019, sak 029/19)
- Val av representantar til Sunnmøre Kontrollutvalsesekretariat IKS (Kommunestyret 19.11.2019, sak 039/19)
- Fjord kommune – Interkommunalt samarbeid om brannvern etter 01.01.2020 (Fellesnemnda 09.04.2019, referatsak 1/19)
- Kontrollutvalsesekretariat frå 2020 – Fjord kommune (Fellesnemnda 09.04.2019, sak 019/19)
- Mandat for interkommunalt samarbeid (Fellesnemnda 19.03.2019, sak 014/19)

Norddal:

- Valldal Fjernvarme - kapitalutviding (Kommunestyret 21.11.2019, sak 047/19)
- Sunnmøre kontrollutvalsesekretariat IKS – endring av selskapsavtale (Kommunestyret 20.06.2019, sak 030/19)
- Val av representant og vara til styret i Storfjord helsesenter (Kommunestyret 09.05.2019, sak 024/19)
- Etablering av nytt revisjonsselskap – samanslåing av KOMREV3 IKS og Møre og Romsdal Revisjon IKS (Kommunestyret 14.03.2019, sak 013/19)
- Etablering av Utviklingsforum for Ålesund lufthavn Vigra AS (Kommunestyret 13.09.2018, sak 041/18)
- Sal av aksjar i Vitafjord AS (Kommunestyret 13.09.2018, sak 042/18)
- Konverteringsrett ansvarleg lån Tafjord Kraft AS (Kommunestyret 28.06.2018, sak 029/18)
- Val av representant og vara til styret i Storfjord helsesenter AS (Kommunestyret 17.04.2018, sak 022/18)
- Oversending av rapport om forvaltningsrevisjon av ÅRIM IKS (Kommunestyret 12.03.2018, referatsak 003/18)

Stordal:

- Arena Overøye – søknad om utvida låneopptak (Kommunestyret 19.06.2019, sak 028/19)
- Sunnmøre kontrollutvalsesekretariat – endring i selskapsavtale (Kommunestyret 19.06.2019, sak 032/19)
- Fusjon Komrev3 IKS og Møre og Romsdal Revisjon IKS (Kommunestyret 13.03.2019, sak 011/19)
- Oppseiing av interkommunale avtalar der Ålesund kommune er vertskommune – sakspapir (Kommunestyret 13.03.2019, referatsak 015/19/640)

- Uttale til nye selskapsavtale ÅRIM (Kommunestyret 06.02.2019, sak 002/19)
- Sal av aksjar i Vitafjord AS (Kommunestyret 12.09.2018, sak 049/18)
- Etablering av Utviklingsforum for Ålesund lufthavn Vigra AS (Kommunestyret 12.09.2018, sak 050/18)

Det vart i 2018 utarbeidd både forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av ÅRIM IKS (der Fjord er medeigar), etter bestilling frå Ålesund kontrollutval.

I eigarskapskontrollsaken gjorde Ålesund bystyre følgande vedtak:

1. Bystyret tar rapporten til orientering.
2. Bystyret ber rådmannen om å legge fram en sak om oppgavefordelingen mellom ÅRIM og Bingsa Næring.
3. Bystyret ber rådmannen om å legge fram en sak om samordning av strategiene for ÅRIM, Bingsa Næring og Tafjord Kraftvarme AS innen utgangen av 2019.
4. Bystyret ber rådmannen om å vurdere å ta et initiativ ovenfor Sunnmøre Regionråd med sikte på å gi dem en rolle i opplæringen av politikere som har verv i styrende organer, og eventuelt vurderer andre funksjoner regionrådet kan ha i forhold til eierskapsstyringen.

3 VURDERING

Aktuelle tema å vurdere vil kunne vere om

- kommunen har tydelege prinsipp for utøving av eigarskap
- kommunen har føringar på habilitet
- Praktisering av offentlegheit
- Føremålet med eigarskap er klart
- Kontroll av om selskap når sine mål
- Kommunestyret sine vedtak blir følgde
- Føringar for kompetanse styresamansetning

Fjord kommune har som tidlegare nemnt ikkje utarbeidd eigarskapsmelding. Kommunen har eit visst omfang av eigarskap i selskap, og det er vår vurdering at ei slik melding raskt bør utarbeidast for å gi eit samla transparent oversyn over selskap og styringssignal.

Dersom det blir utarbeidd eigarskapsmelding relativt raskt, vil det etter vår vurdering vere mest naturleg at kontrollutvalet i etterkant vurderer å sjå nærare på

- Korleis Fjord kommune utøvar sitt eigarskap
- Korleis Fjord kommune og andre eigarkommunar utøvar sitt eigarskap i fellesskap